



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2012/143286-007

Dykkar referanse:  
15/1067 - 15/14693

Vår dato:  
27.08.2015

### Uttale - søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for frådelling av parsell på Fløksand gnr. 5 bnr. 7 - Meland kommune

Vi viser til e-post med vedlegg motteken 27.07.2015 og uttalefrist 24.08.2015. Vi orsakar at uttalen kjem etter fristen. Grunnen til dette er ferieavvikling og stor saksmengde.

Saka gjeld frådelling av 2 parsellar for bustadføremål. Arealet er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF.

Statens vegvesen er i utgangspunktet kritisk til etablering av nye bustader i område som ikkje er planlagt for dette formålet. Slik bustadetablering kan vere problematisk når det gjeld mellom anna vegtilbod til mjuke trafikantar, trygg skuleveg, tilbod om kollektivtrafikk og generell vegstandard.

#### Føringar i rammeplan for avkøyrslar

Dei omsøkte parsellane har tilkomst frå fv 564 Rosslandsvegen. Vegen forbi den aktuelle avkøyrsla er kategorisert i haldningsklasse 2 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)*. Dette vil mellom anna seie at godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrsla blir nytta av fleire, det er tilrettelagt med gang- og sykkelveg, busslomme og fartsgrense 70 km/t eller lågare. I tillegg må dei tekniske krava til utforming stettast.

På denne staden er det ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesvegen. I utgangspunktet kan det derfor ikkje påreknast løyve til avkøyrslar her.

#### Konkret vurdering av saka

Når vi vurderer denne saka konkret, ser vi at det ligg ein del bustader sør for fylkesvegen på Fløksand. I førre arealdel til kommuneplanen var det vist eit bustadområde nord for omsøkte parsellar, men dette er teke ut av den nye, nyleg vedtekne kommuneplanen. Kommuneplanen legg såleis ikkje til rette for nye bustader her.

Vegstandarden forbi området legg per i dag heller ikkje til rette for ny bustadutbygging. Utbetring av fv 564 frå Fløksand til Vikebø, inkludert gang- og sykkelveg, er prioritert som prosjekt nr 4 i framlegget til Nordhordlandspakken. Det er uklart når eit slikt utbetra veganlegg vil stå ferdig. Ny bustadetablering her bør ikkje skje før trafikktryggleiken for mjuke trafikantar er betre ivareteken langs fylkesvegen.

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar bør inngå som ein del av kommunen si vurdering i dispensasjonssaka. Vurderinga bør særleg legge vekt på omsynet til born, eldre og brukarar av kollektivtransport.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing



Odd Høydalsvik  
sjefingeniør



Unn Jenny Utne Kvam